



KOMMUNAL- OG MODERNISERINGS-  
DEPARTEMENTET  
Postboks 8112 DEP  
0032 OSLO

Dato: 28.11.2017  
Vår ref.: 2016/11258-12  
Saksbehandlar: terhaug  
Dykkar ref. 15/4551-172  
:

## Søknad om vidareføring av tilskot knytt til digital kompetanse

Vi viser til Kommunal- og moderniseringsdepartementets (KMD) tildeling av tilskott til kommunale rettleiingstenester innan digital kompetanse på kr 60 000 til Hordaland fylkesbibliotek, 28.11.2016. Ved tildelinga vart det gitt ein frist innan 31.12.2017 på å gjennomføre tiltaket.

Hordaland fylkesbibliotek har i tråd med tildelinga gjennomført kurs for rettleiarar innan digital kompetanse. Målet har vore å gjera dei tryggare på opplæring for vaksne i grunnleggande digitale ferdigheiter. Kursleiar var Eddie Pedersen frå Kompetanse Norge. Kurset tok for seg digitale ferdigheiter, rettleiingspedagogikk for vaksne og dei nasjonale digidel-ressursane. Vi opna også for dialog og det å dele erfaringar mellom dei 37 deltakerane, knytt til kursinnhaldet. For å tilby eit desentralisert kurs i Hordaland, vart kursa avhaldne i Bergen og på Stord. Ved bruk av fylkeskommunale lokale og læringsressursar frå Kompetanse Norge, har opplegget vore gjennomført under budsjett, med kr 39 949 attverande av løyvinga frå KR.D.

Ut frå tilbakemeldingar frå kursdeltakarar og eit mål frå fylkeskommunen om å vidareføre satsinga på digital kompetanse, ønskjer vi å bruke dei resterande midlane, på eit kompetanseopplegg knytt til e-læringskurset *23 offentlege ting*, (<https://23offentligetingtrondelag.wordpress.com/>).

Det har ikkje vore tid til å gjennomføre dette opplegget i 2017, men bibliotekleierane i fylket ønskjer at fylkesbiblioteket startar opp med eit kursopplegg knytt til *23 offentlege ting* i januar 2018. Hordaland fylkesbibliotek søker om å bruke dei resterande midlane frå KMD sitt tilskott på dette kursopplegget, som følgjer målsettinga om kompetanseheving og -utvikling for rettleiarar innan digital kompetanse.

Venleg helsing

Ruth Ørnholt  
Fylkesbiblioteksjef

Terje Haugsgjerd  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: Kursplan med budsjett

